



Arkivnr: 2014/13994-4

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014

### Kulturkortpotten vår 2014

#### Samandrag

Målsetjinga til Kulturkortpotten er å stø opp om samarbeidspartnarar til kulturkort-ordninga som arrangerer særlege tiltak for ungdom som utdjuar allereie eksisterande tiltak i målgruppa.

Tilskot kan løyvast til organisasjonar, foreiningar, lag og andre samanslutningar som har inngått samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune om kulturkort-ordninga. Tiltak som får støtte gjennom denne ordninga skal vere særskilde tiltak for ungdom som ligg utanfor ordinær drift av organisasjonar.

Det er tildeling to gonger i året etter søknadsfrist 15. april og 15. september. Det er tildelinga for våren 2014 som no blir lagt fram.

For 2014 er det 150 000 kroner til rådvelde til Kulturkortpotten.

#### Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet løyver 105 000 kroner over budsjettpost 400.725 Særlege tiltak for barn og unge, slik:

#### Kulturkortpotten vår 2014

Søkjjar		Tilråding
Kolibri - Children At Risk Foundation		0
Stiftelsen 3,14		
Sunnhordland museum		0
KODE	kr	30000
Bergen internasjonale filmfestival	kr	20000
Stiftelsen 314	kr	30000
AKKS Bergen	kr	25000
	<b>kr</b>	<b>105000</b>

Johnny Stiansen  
fungerande fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 12.05.2014

Hordaland fylkeskommune oppretta kulturkortordning for ungdom i 2007. All ungdom i Hordaland i alderen 16 til 20 år kan få kulturkortet. Hordaland fylkeskommune ønskjer å auke ungdomens bruk av kulturkortet, og oppmuntre unge til å bruke eit differensiert kulturtilbod.

Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune fordelt deler av det statlege tilskotet som oppmuntringsmidlar for å stimulera partar som fylkeskommunen samarbeider med om tilbod til ungdom med kulturkort. Søknadar har vore vurdert og tilrådd fortløpande.

Kulturkort-ordninga er no styrka med ein årleg sum på 150 000 kroner der løyving pr. tiltak strekk seg frå 5 000 kroner – 30 000 kroner. Tilskotsmidlane vert sett av frå den statlege overføringa til kulturkortordninga. Det statlege tilskotet ligg på om lag 200 000 kroner pr. år, og Hordaland fylkeskommune må bidra med minimum tilsvarende sum til administrasjon av ordninga.

Målsetjinga er å stø opp om samarbeidspartnarar som arrangerer særlege tiltak for ungdom og som utdjuvar allereie eksisterande tiltak i målgruppa. Det er i tillegg ei målsetting at Kulturkortpotten vil gjere at stadig fleire blir samarbeidspartnarar, og på den måten gje eit variert tilbod og vise ungdom nye vegar, som dei kanskje ikkje visste fanst i det kulturelle landskapet.

I sak 89/13 frå møtet i Kultur- og ressursutvalet 17.09.2013 vart retningslinene for Kulturkortpotten framlagt som følger:

### Framlegg til retningslinjer

Fylkesrådmannen gjer framlegg om følgjande retningslinjer for «Kulturkortpotten» - *Tilskott for å stø opp under ordninga med kulturkort:*

**Type tilskott:** Fylkeskommunalt

**Ansvarleg:** Seksjon for kunst- og kulturformidling

**Vedtaksinstans:** Kultur- og ressursutvalet

**Klageinstans:** Klagenemnd for Hordaland fylkeskommune

**Søknadsfrist:** 01. mars og 15. september

**Klagefrist:** 3 veker jfr. fvl § 29

**Søknadsprosedyre:** Vi ber om elektronisk søknad på eige skjema (ikkje krav).

**Støttenivå:** Totalløyvinga i denne ordninga for 2013 på kr 150.000 vert fordelt ved tildeling vår og haust. Vanlegvis ligg tilskota mellom kr 5.000 og 20.000.

### 1. Føremål

Løyvingane skal stø opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune si ordning med kulturkort for ungdom. Kulturkortet skal bidra til at all ungdom mellom 16 og 20 år i Hordaland får kjennskap til eit breidt kulturtilbod og stimulera til at fleire nyttar tilbod dei elles ikkje har eller ville ha nytta. Kortet skal såleis vera ein dørøpnar inn i kulturinstitusjonane og kulturlivet i fylket.

Løyvingane skal gå til samarbeidspartnarar som legg til rette for spesielle arrangement retta mot ungdom. Kulturkortpotten skal ikkje fungere som kompensasjon for kulturkortrabatt.

### 2. Aktuelle søkarar

Organisasjonar, foreiningar, lag og andre samanslutningar som har inngått samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune om ordninga.

### 3. Søknadsfrist og framgangsmåte

Søknadsfrist er 1. mars og 15. september kvart år.

Søknad vert sendt Hordaland fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga. Vi ber om at elektronisk søkeskjema vert nytta.

Søknadar som kjem inn etter utløpet av fristen vert avvist.

#### 4. Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde slik informasjon om søker og tiltaket at det kan vurderast om vilkåra for å yta tilskott er oppfylt. Foreningar og andre samanslutningar må ha/angje organisasjonsnummer.

Privatpersonar som søker må angi personnummer.

Dersom søknaden er mangelfull, vert det gitt høve til å rette dette innan ein nærare fastsett frist.

Dersom manglane ikkje er retta innan fristen, kan søknaden verte avvist.

#### 5. Vilkår for tildeling

For at tilskot skal kunne tildelast, må følgjande vilkår vera stetta:

5.1 Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar. Løyvingar skal difor gå til tiltak/prosjekt som er av slik art at dei har regional interesse og/eller nedslagsfelt.

5.2 Søknaden må gjelde tiltak/prosjekt særleg retta mot ungdom i alderen 16 – 20 år og vera eigna til å stimulera deira bruk av kunst- og kulturtilbod i fylket.

5.3 Søkar må ha skriftleg samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune om ordninga med kulturkort for ungdom.

5.4 Tilskot kan ytast både til ideelle og profesjonelle prosjekt/tiltak.

5.5 Det vert ikkje ytt tilskot til følgjande:

5.5.1 Ordinær drift

5.5.2 Investeringar i bygg og anlegg

5.5.3 Utanlandsreiser

5.5.4 CD produksjonar og litteratur

5.5.5 Tiltak/prosjekt i regi av organisasjonar som ikkje har eit kulturelt føremål ( til dømes humanitære/opplærings tiltak)

5.5.6 Tiltak/prosjekt i regi av barne- og ungdomsorganisasjonar, som får driftstilskot frå fylkeskommunen.

5.6 Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.

5.7 Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida

<http://www.hordaland.no/logo>

#### 6. Moment ved skjønnsutøvinga

Ved skjønnsutøvinga vert det lagt vekt på følgjande moment i uprioritert rekkefølge (opplistinga er ikkje uttømmende):

6.1 I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket for ungdom i alderen 16 – 20 år.

6.2 I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet og ungdom i alder 16 – 20 år i større delar av fylket

6.3 I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt

6.4 Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers

6.5 Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad

6.6 Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet

6.7 Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

#### 7. Ytterlegare føresetnader

Administrasjonen kan i tilsegnsbrevet fastsetja nærare/utdjupande vilkår knytt til:

- Kontrollomsyn

- Profilering av fylkeskommunen

- Dokumentasjon av tiltaket for seinare presentasjon

- Andre fylkeskommunale tiltak (rabattordningar/ungdomskort mv.)

Vilkåra må vera innafør tildelingsvedtaket og føremålet med ordninga/vedtaket.

#### 8. Rapportering/rekneskap

Søkar skal rapportera til fylkeskommunen etter at prosjektet er avslutta.

Rapporten skal innehalde:

- Ein kortfatta omtale av tiltaket

- Presisering av eventuelle vesentlege avvik frå opphavslege planar
  - Sluttrekneskap for prosjektet/tiltaket
- Søkar skal elles varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege avvik frå prosjektplanen i prosjektperioden.

### **9. Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

### **10. Brot på vilkåra**

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane først attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

### **11. Klage**

Vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er 3 veker frå søkar fekk underretninga om vedtaket. I Hordaland fylkeskommune si underretning til søkarane om vedtak, skal det mellom anna verte opplyst om klagetilgang, klagefrist og partsinnsyn mv. jfr. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

For våren 2014 kom det inn 7 søknader. Søknadene fordeler i kategoriane scenekunst/anna, visuell kunst, film, musikk og undervisning/anna.

I vedlegget har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen tildeling/avslag. Det viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerrande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria og samla søknadsbunke.